

**From:** "Peter Bævre" <peter.bavre@gmail.com>  
**Sent:** Sun, 14 Sep 2025 10:02:26 +0200  
**To:** "Post Surnadal" <post@surnadal.kommune.no>  
**Subject:** Høyringsvar– Nedlegging av skular

## **Høyringsvar – Nedlegging av skular**

Eg ønskjer å dele mi og min families historie som eit innspel i høyringa om nedlegging av skular.

Etter å ha budd i Molde i 15 år, valde vi å flytte heim igjen til Surnadal kommune – nærare slekt og heimbygda der eg vaks opp. Vi har etablert oss i grenda Åsskard, og denne flyttinga hadde ikkje vore aktuell utan tilbodet om ein lokal skule i Bæverfjord.

Vi er ein familie på fire, med to barn på 7 og 10 år som no går på skulen i Bæverfjord. Dei bidreg til befolkningsvekst i kommunen, og vi som foreldre er begge i arbeid og bidreg til kommunens inntekter gjennom skatt.

Eg arbeider som lærar ved Surnadal vidaregåande skule, ein arbeidsplass som over tid har hatt utfordringar med å rekruttere rett kompetanse. Kona mi er under utdanning til å bli sjukepleiar, og jobbar samtidig innan helsevesenet – eit område der det også er stort behov for arbeidskraft.

I tillegg deltek vi aktivt i lokalsamfunnet – mellom anna gjennom idrett. Eg er trenar for ei gruppe på 16 jenter i ulike aldrar i Bøfjord, og ser kor viktig skulen er som ein sosial og kulturell møteplass. Skulen legg til rette for aktivitet, fellesskap og engasjement, og fungerer som ein naturleg arena der barn og vaksne møtest og bygg relasjonar. Utan skulen vil mykje av dette engasjementet stå i fare for å forsvinne.

Gjennom arbeidet mitt som lærar ved vidaregåande skule har eg fått innblikk i kor viktig tryggleik og god oppfølging er for ungdom. Eg har snakka med fleire foreldre som har barn ved SUBUS, og dei fortel at det allereie i dag er fullt på skulen, og at personalet har meir enn nok å gjere. Vi høyrer om hendingar der det verkar som om personalet har utfordringar med å følge opp elevane, og at det i friminutta kan oppstå uheldige situasjonar. Eg er uroa for at endringar i skulestrukturen kan svekke desse faktorane, og dermed påverke elevane negativt.

Det finst sterke indikasjonar på at:

- **Skulenedleggingar kan bidra til auka fråfall**, særleg gjennom indirekte faktorar som tap av tryggleik og lange reisevegar.
- **Skulefråfall har store samfunnsøkonomiske kostnader**, både i form av tapt produktivitet og auka offentlege utgifter.

Eg stiller spørsmål ved om kommunane verkeleg har sett seg godt inn i dette reknestykket. Kva skjer om berre nokre få prosent av elevane fell utanfor? Konsekvensane kan bli store – både for enkeltmenneske og for samfunnet som heilskap.

Å legge ned skulen i Bæverfjord vil ikkje berre svekke tilbodet til barna våre, men også undergrave moglegheita for å tiltrekke seg og behalde ressurssterke familiar i distrikta. Skulen er ein hjørnestein i lokalsamfunnet – både for trivsel, tilhøyrse og framtidig utvikling.

Mvh

Peter Botten Bævre